

Reglar og vilkår Tomatjeger 2023 - Tomatfestivalen

Tomatjeger er eit samarbeid mellom Tomatfestivalen og Trolljeger. Det er ei hinderløype kor ein må samarbeide i lag for å komme gjennom løypa. Det vert gjennomført tre ulike løp. Eit barneløp, eit familieløp og eit hovudløp. Reglane gjeld for alle løpa med mindre anna er spesifisert.

1. Tomatjegerløypa vert sett opp på kunstgrasbanen ved Finnøy skule. Dersom løypen vert flytta vil det verte informert om dette via kontaktinformasjon fylt inn på påmeldingsskjemaet.
2. Me er heldige som får lov til å setje opp løypa på kunstgrasbanen og bed om at alle er med på å ta så godt vare på området som mogleg under løpet.
3. Løypa har ein gjeven retning. Vert du i tvil om du er på riktig veg, spør løypevaktene eller andre deltakarar.
4. Går det sakte for ditt lag i løypen så trekk til sida slik at dei bak kan komme forbi.
5. Det er lov å hjelpe kvarandre over hindera. Tomatjegerane legg vekt på samarbeid og samhold.
6. Me har film- og stillbildefotografar under løpa og bilder kan verte lagt ut og brukt både på nettsider, sosiale medier og til anna promotering for Tomatfestivalen og Trolljeger.
7. Betaling og registrering må være godkjent før oppmøte.
8. Alle deltakarane må vere fylt 6 år. For hovudløpet må deltakarane vere fylt 13 år.
9. All påmelding er bindande og det vert ikkje gitt refusjon ved manglande deltaking uansett årsak. Flytting, utsetjing eller avlysing gir ikkje rett til refusjon.
10. Deltakaren har ansvar for at opplysningane som vert gitt ved registringa via deltager.no er korrekte og i samsvar med alle punkta i reglane.
11. Deltakaren aksepterer at det er risikabelt å jakte på tomatar. Me legg til rette for god sikkerheit, men all deltaking skjer på eige ansvar. Det er viktig å sjølv vurdere risiko opp mot eige ferdighetsnivå.
12. Ein må være førebudd på å verte tomatgjørmete. Det vil seie at ein ikkje bør bruke klede ein er redd for i løypa.
13. Det anbefalast bruk av sportslege klede, eksempelvis joggesko, shorts og t-skjorte.
14. Ved stor pågang vil ein mota si eiga oppstartstid. Ein må vere førebudd på noko venting før ein vert sett i gong i løypa.
15. Med å melde seg på løpa aksepterer ein at Tomatfestivalen AS og deira arrangørselskap lagrar informasjonen ein fyller ut i påmeldinga på sine serverar og bruker informasjonen til å ta kontakt med informasjon relevant for arrangementet. Ein kan ta kontakt for å få informasjonen sletta.

Særreglar - hovudløp:

1. Det vert manuell tidtaking under hovudløpet. Det gis premie til dei tre beste laga. I tillegg trekkes det ut nokre vilkårlege lag som får ein premie.
2. Feil med tidtakingssystem gir ikkje rett til refusjon.
3. Det må vera minimum fire personar på eit lag.
4. Det kan maksimalt vera seks personar på eit lag.
5. Deltakaren må vera fylt 13 år.
6. Deltaking skjer på eige ansvar.
7. Alle hinder skal gjennomførast. Dersom hinderet ikkje vert godkjent, må det utførast ein «straff» (30 burpees per person).
8. Vert ikkje anvisningar/reglar følgde kan ditt lag risikera å verte diskvalifisert.
9. Fullført løp betyr at alle hinder er forsert og godkjent av funksjonær ved hinderet.
10. Laget får utdelt ei tomat som må vera med å fullføre alle hinder (over/under osv.) og komme heilskinna til mål. Dersom tomata ikkje er heilskinna når ein kjem i mål vil det før til 1 minutt tillegg på totaltida.
11. Laga vert slupne ut innanfor eitt gitt intervall på 15 minutt. Det er viktig at alle på laget møter opp seinast 15 minuttar før dette intervallet startar. Lagleiar bes henvende seg til informasjonen ved ankomst.

Særreglar - familieløp:

1. Det er maks sju personar per lag. Minimum to.
2. Det må minimum være ein vaksen og eit born på eit familielag.
3. Borna må være fylt seks år for å delta.
4. Det deles ut medalje til alle deltakarane og trekkes ut premie til nokre tilfeldige lag.
5. Det blir ikkje tidtaking under familieløpet. Men ein kan sjølv ta tida sjølv og samanlikne med nabofamilien.
6. Føresette er sjølv ansvarlege for risikovurdering opp mot ferdighetsnivå. Deltaking skjer på eige ansvar.
7. Laget får utdelt ei tomat som må være med å fullføre alle hinder (over/under osv.) og komme heilskinna til mål.
8. Laga vert slupne ut innanfor eitt gitt intervall på 15 minutt. Det er viktig at alle på laget møter opp seinast 15 minuttar før dette intervallet startar. Lagleiar bes henvende seg til informasjonen ved ankomst.



Tomatfestivalen SA
June Mjølvsnes Steinnes

03.07.2023